



NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 19.12.2018
Vår ref.: 2018/15164-6
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.: 201836022

Konsesjonspliktavurdering av Bolstad mikrokraftverk i Vetleelvo, Øvre Hålandsdal i Fusa kommune

Viser til brev frå dykk dagsett 22.10.18 med referanse 201836022-4 om konsesjonspliktavurdering av Bolstad mikrokraftverk i Vetleelvo i Fusa kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektormyndre for kulturminnevern og opp mot regionale interesser og planar.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er registrert eitt automatisk freda kulturminne i området, ca. 700-800 meter SV for nedste del av det omsøkte tiltaket. Tunet på bnr. 2 inneheld fleire SEFRAK-registrerte bygningar.

Den gamle ferdslavegen mellom Hålandsdalen og Strandebarm går i området der tiltaket er planlagt. Dette er eit svært gammalt vegfar og ein mykje brukt turveg.

Utbygginga ser ut til å komma i direkte konflikt med den gamle ferdslavegen mellom Strandebarm og Hålandsdalen, og slik det er skissert, få stor konsekvens for denne på det strekket utbygginga er planlagt.

Regionale interesser

Tiltaksområdet ligg ikkje innanfor områder med verdsetting i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland.

Området er startpunkt for ei historisk turrute over til Strandebarm, som følgjer Vetleelvo oppover dalføret.

Vurdering

Det vil truleg bli stilt krav om arkeologisk registrering då det er eit visst potensiale for funn av automatisk freda kulturminne i området. Høvet til den gamle ferdslavegen må også avklarast. Fylkeskonservatoren vil difor rå til konsesjonsplikt for bygging av Bolstad mikrokraftverk. Potensiell konflikt med friluftsiinteresser styrker denne tilrådinga.

Sølve Sundbø
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Lars Øyvind Birkenes